

Helgatun



Helgatun er eigt av Indremisjonssamskipnaden (IMS), og plassen vert driven som leirstad og fjellpensjonat. IMS er ein kristen organisasjon tilknytt Indremisjonsforbundet (Imf). Helgatun er vakkert lokalisert i Myrdalen i Voss kommune, like ved skitrekk, lysløyper og fine turområde, sommar som vinter. Fjellpensjonatet har 100 senger og uteleiehytte med sjølvhushald.. Hovudbygget har møtesal, salong, TV-stove, nytt kjøken og stor matsal.



Ønskjer du ei spennande og meiningsfull utfordring på eit kristent fjellpensjonat?

Dagleg leiari Helgatun – 100 % stilling

Som leiari av Helgatun får du ansvaret for å drifta fjellpensjonatet saman med eit aktivt styre, engasjerte tilsette og frivillige. Du får ein allsidig arbeidskvardag med mange og varierte oppgåver. Det vert forventa at du både er involvert i dei daglege gjeremåla, og dei meir overordna arbeidsoppgåvene.

I tillegg til IMS sine eigne leirar, er fjellpensjonatet ein attraktiv stad for skular, lag og organisasjoner. Helgatun har og sine eigne arrangement og kafédrift. I over 40 år har fjellpensjonatet hatt stor betydning for unge og vaksne.

Helgatun er inne i ein spennande fase der me ser på korleis me kan vidareutvikla fjellpensjonatet. Som motto har Helgatun: «Ekte livsglede i eit varmt og inkluderande miljø», og er ein viktig reiskap for IMS med sin visjon: «Vi vil bygga varme og inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar».

Dine ansvarsområde:

- Dagleg drift av Helgatun, både operativt og overordna
- Planlegging og koordinering av ressursar og bemanning
- Marknadsføring
- Administrasjon og økonomistyring
- Personalansvar for tilsette, samt rekruttering og oppfølging av frivillige medarbeidarar

Me søker deg som:

- Er fleksibel, strukturert, har arbeidsglede og gode samarbeidsevner
- Er praktisk anlagt og trivst med allsidige arbeidsoppgåver
- Har gode leiareigenskapar og kan kommunisera godt, både mot kundar og personalet
- Har forståing for økonomi, og kan utvikla Helgatun vidare omsetningsmessig
- Er god i norsk og engelsk, munnleg og skriftleg
- Kan identifisera deg med og fremja IMS/Helgatun si målsetjing og kristne verdigrunnlag

Me kan tilby:

- Ein meiningsfull arbeidskvardag med varierte oppgåver
- Eit unikt høve til å vera med i uviklinga av eit allereie aktivt fjellpensjonat
- Fleksibel arbeidstid

- Løn etter ImF sitt lønsregulativ
- Tiltreding etter avtale

Søknad med CV kan sendast post@indremisjonen.no innan **15. november.**

Det vil bli lagt vekt på personlege eigenskapar, relevant utdanning og erfaring, samt kompetanse.

Det er personalbustad på Helgatun, og det er ynskjeleg at dagleg leiar bur på staden. Dersom ektepar ynskjer å dela stillinga er dette mogleg, og på sikt kan det vera høve for utviding av total stillingsstorleik.

Nærare opplysningar om stillinga får du ved å henvenda deg til dagleg leiar IMS, Marit Hårkau Ådnanes, tlf 415 17817